



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1, 2 million kroner til Lokal samfunnsutvikling i Telemark

Telemark fylkeskommune skal styrke lokal samfunnsutviklingsarbeid i kommunane, regionane og i fylkeskommunen, gjennom å auke prosjektleiarkompetansen og kompetansen om strategisk planlegging.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Telemark fylkeskommune skal:

- Auke kommunane sin kompetanse om samfunnsentreprenørskap, for å skape innovative lokalsamfunn gjennom lokal mobilisering.
- Auke kompetanse om nettverks- og innovasjonsarbeid i utvikling av attraktive regionar og lokalsamfunn.
- Utarbeide strategisk plan for bygging av kompetanse i offentleg sektor i Telemark.
- Gje kommunane opplæring om metodar og teknikkar for å leie prosessar som førar til lokal samfunnsutvikling.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00